



Arkivnr: 2017/1344-2

Saksbehandlar: Endre Sten Nilsen, Anja N. Sætre, Elizabeth Warren, Inger Lena Gåsemyr,  
David Sandved

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utvål	Saknr.	Møtedato
Utvål for kultur, idrett og regional utvikling		22.03.2017

### Fråsegn - Kulturminneplan 2016 - 2022 - Sund kommune

#### Samandrag

Kommunedelplan for kulturminne 2016-2022 for Sund kommune er lagt ut på høyring. Frist til å komme med innspel er satt til 31.03.2017. Dette er den første kulturminneplanen som er utarbeida for Sund kommune. Arbeidet med delplanen vart starta opp i 2013.

I prosjektet «Kulturminnekompesanse i kommunane 2013-2016 (KIK)» har Hordaland fylkeskommune etablert ei satsing på lokalt kulturminnevern, som mellom anna inneber utarbeiding av kommunale kulturminneplanar. Dette er ei hovudsatsing i «Premis: Kultur, Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025» for å styrke lokalt kulturminnevern. Dette er i tråd med nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging, vedteken i 2015, som seier at «Kommunane har hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale mål.»

Sund kommune har delteke i KIK-prosjektet. Fylkeskommunen deltok på oppstartsmøtet til kulturminneplanarbeidet i Sund kommune 22.03.2013. Administrasjonen har elles vore med på fleire møter med styringsgruppa/arbeidsgruppa for kulturminneplan i Sund og hatt eit kurs i kulturminneregistrering på Glesvær. Sund, Fjell og Øygarden deltok i eit EØS-prosjekt i 2014, leia av Riksantikvaren og tilsvarande embete i Polen. Prosjektet sette fokus på lokale kulturminne og korleis ein kan ta vare på og bruke kulturminna aktivt for å skape verdiar i lokalsamfunnet.

Sund kommune har i dette arbeidet kome lengre enn mange andre kommunar i Hordaland. Dei har formelt sikra viktige kulturminne i omsynssoner i kommuneplanen sin arealdel og arbeida aktivt med å synleggjere kulturminne lokalt saman med innbyggjarane. Etter fylkesrådmannen si vurdering vil kommunedelplanen verte eit godt grunnlag for å styrke forvaltinga av kulturminna i kommunen. Med nokre justeringar og presiseringar og fleire illustrasjonar, vil kommunedelplan gje ei god oversikt over viktige kulturminne i kommunen. Fylkesrådmannen rår til at Sund kommune tek omsyn til merknadene og arbeider desse inn i planen før endeleg vedtak. Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune står til rådvelde for kommunen i revidering av planarbeidet. Dette gjeld også neste planperiode 2016-2022, der kommunen skal støtte opp om lokalinitierte prosjekt som restaurering av skulestova på Berge, ferdigstilling av Selstøkverna, tilrettelegging av kulturminneløype til Skaganeset og dokumentasjon av loshistoria. Tiltaka vil kunne sikre ei betre kommunal forvalting av kulturminne, styrke kulturminna som ressurs i lokalsamfunna og formidle kunnskap om desse.

## Forslag til vedtak

1. Kommunedelplan for kulturminne for Sund 2016-2022, saman med vedtatt kommuneplan, er eit godt grunnlag for forvalting av kulturminna i Sund kommune.
2. Planen treng nokre mindre endringar på struktur og presentasjon for å bli eit godt plandokument som skal styre utviklinga av kulturminnearbeidet og formidle viktige kulturminne i kommunen.
3. Sund kommune har særskild merksemd på kulturminna som er knytt til førhistorie, kystkultur, fiskeri, landbruk og samferdsle.
4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at utarbeiding av ein felles kulturminneplan for Sund, Fjell og Øygarden kan bidra positivt til prosessen kring samanslåing av kommunane.
5. Utval for kultur, idrett og regional utvikling er positiv til at Sund kommune set av eigne budsjettmidlar og satsar på kulturminnefagleg rådgjeving til private eigarar.
6. Utval for kultur, idrett og regional utvikling rår til at tiltak i handlingsplanen vert konkretisert med finansiering, framdrift og samarbeidspartnarar.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 12.07.2016

### Bakgrunn

Kommunedelplan for kulturminne 2016-2022 for Sund kommune er lagt ut på høyring. Frist til å komme med innspel er satt til 31.03.2017. Dette er den første kulturminneplanen som er utarbeida for Sund kommune. Arbeidet med delplanen vart starta opp i 2013.

Sund kommune har mange verdifulle kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap som syner utviklinga av fiske- og havbruksnæringa i nyare tid. Dei fleste er knytt til kystkulturen, som er eit nasjonalt og regionalt satsingsområde i kulturminnevernet, jf. *Premiss: Kultur. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*.

Hordaland fylkeskommune har gjennomført prosjektet «Kulturminnekompotanse i kommunane 2013-2016», jf. vedtak i fylkesutvalet 30. januar 2014, PS 14/2014. Prosjektet har lagt til rette for betre samarbeid med kommunane og har vore ei felles satsing for å auke kunnskap og kompetanse. Eit viktig mål for prosjektet har vore utarbeiding av lokale kulturminneplanar i alle kommunane. Ein kulturminneplan skal avklare to hovudspørsmål: A: kva kulturminne finst i kommunen og B: korleis tek ein vare på desse. Gjennom ein plan kan kommunane sjølv prioritere og ta stilling til innretninga av lokalt kulturminnearbeid, korleis ein kan nytte kulturminne som ressurs innan verdiskaping og stadutvikling, samt ha fokus på korleis dei kan integrerast i andre kommunale planar. Hovudmålet med kulturminneplanen er å få til eit meir føreseieleg kulturminnevern og gje meir føreseielege rammer for ny utvikling i kommunen. Fylkesutvalet har gjort vedtak om at alle kommunar bør ha planar som legg tydelege føringer for kulturminneforvaltinga.

Dette er Sund kommune sin første kulturminneplan. Dei har brukt ressursar tidlegare i samband med arbeid med kommuneplanen for å identifisere og sikre dei viktigaste kulturmiljøa i kommunen. Desse er regulert med generelle føresegner, omsynssone kulturmiljø H570 med retningslinjer. Kommunen starta arbeidet med kommunedelplan for kulturminne i 2013 og har brukte tid på å få planen forankra hjá innbyggjarane og elles internt i kommunen.

### Planframlegg

Høyringsutkastet er ein kommunedelplan for kulturminne som gjev prinsipielle føringer for kommunal forvalting og forslag til tiltak i planperioden. Planen tar for seg statusen for kulturminne og -miljø, skildrar omsynssone kulturmiljø i kommuneplanen og kva kulturminne som ikkje er tatt med i kommuneplanen. Vidare skildrar dokumentet korleis kulturminne er ein ressurs for Sund kommune. Det er også laga ein handlingsplan. Planen er delt inn eit samandrag og 10 kapittel.

Kapittel 1 tar for seg mål for kulturminneforvaltinga i kommunen. Det viser til omfang og avgrensing av planen, til saksgong og medverknad. Forholdet til anna lovverk og eksisterande planar blir lista opp, og definisjonar og omgrep blir gjort klårare. Kapittel 2 tar for seg kommunen si rolle i kulturminnevernet og tar for seg utfordringar og potensiale knytt til kommunen sine kulturminner. Kapittel 3 går gjennom grunnlaget for planen og viser til kart med registrering av kulturminne. Kommuneplanen 2010 - 2020 inneheld omsynssoner knytt til kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. Kapittel 4 inneheld skildring av kulturmiljø og kulturlandskap som inngår i omsynssoner i kommuneplanen. Kapittel 5 skildrar korleis Sund har endra seg frå dei eldste spor av busetjing for omlag 10.000 år sidan og fram til i dag. Kapittel 6 skildrar korleis kulturminne er ein berar av kunnskap som kan ha ulike verdi som kunnskap-, opplevings- og bruksverdi. Kapittel 7 skildrar nokre viktige bygningstypar og element som ikkje er knytt til omsynsonene i kommuneplanen. Dette er kvernhus, demningar, steingardar, rydningsrøysar og bakkemurar. Løer, jordkjellarar, minnesmerker, ungdomshus, kyrkjer, gravstader og bedehus. Kapittel 8 viser til kjelder kor ein kan finne meir informasjon om kulturminne utan fysiske spor. Kapittel 9 syner ressursbehovet og har ein tydeleg prioriteringsliste over korleis kommunen vil jobbe vidare med kulturminne. Kapittel 10 inneheld ei opplisting av relevant litteratur og ein tabell som viser den historiske utviklinga frå dei første busetjingane og fram til i dag.

## Vurdering

Fylkesrådmannen si vurdering er at planarbeidet i hovudsak er i tråd med dei lokale utfordringane på kulturminnefeltet i Sund kommune og den regionale satsinga i Hordaland. Vi ber likevel om at ein gjer nokre endringar med omsyn til struktur, tekst og bilete, drøfting av nyare tids kulturminne under ulike tema. Med ei presisering av handlingsplanen og saman med kommuneplanen, vil kulturminneplanen bli eit godt og tenleg styringsdokument for forvalting av kulturminne i kommunen.

### Forslag til vedtak:

*Kommunedelplan for kulturminne for Sund 2016-2022, saman med vedtatt kommuneplan, er eit godt grunnlag for forvalting av kulturminna i Sund kommune.*

## Merknader

Fylkesrådmannen har generelle kommentarar som gjeld utforming og struktur på plandokumentet. Planen bør innehalde illustrerande kart som viser automatisk freda kulturminner, prioriterte kulturminner og omsynssoner. Her kan skildringar, bilete og kartmateriale frå vedlagt dokument, *Kulturminne kulturmiljø og kulturlandskap i Sund kommune* utarbeidd i samband med kommuneplanen 2010-2020 brukast for kvart kulturminne/kulturmiljø.

Kapittel 5 og 6 bør flyttast fram så det blir kapittel 2 og 3, då desse er premiss for innhaldet i dei neste kapitla. Kapittel 5 «Endring og utvikling» bør vise til prioriterte eksempel på kulturminne i Sund knytt opp mot punkta som blir nemnd. Vedlegg 10.3 «Enkel historisk oversikt» er eit oversiktleg reiskap som bør få meir plass og kan med fordel flyttast fram til kapittel 5. Årstala knytt til eldre steinalder manglar ein null på slutten, slik at det blir 9000 og 8750 f. Kr.

Kapittel 7 bør innehalde ei innleiing kring kulturminna som ligg utanfor omsynssoner, men som likevel er viktige for kommunen. Sund har gjort ein god jobb med å sette av områder til omsynssoner for kulturmiljø i kommuneplanen og dette arbeidet kan utviklast vidare.

Kapittel 8 om immaterielle kulturminne kan takast ut, då det ikkje blir omhandla av planen. Dette kunne forklarast under kapittel 1 punkt 2 om omfang og avgrensingar av planen. Handlingsdelen av planen kan skissere korleis kommunen skal sikre og formidle immaterielle kulturminne. Immaterielle kulturminne bør få ein større plass i ein framtidig felles kulturminneplan med Sund, Fjell og Øygarden.

### Forslag til vedtak:

*Planen treng nokre mindre endringar på struktur og presentasjon for å bli eit godt plandokument som skal styre utvikling av kulturminnearbeidet og formidle viktige kulturminne i kommunen.*

## Kulturminne i Sund

Samla sett grip kulturminneplanen om breidda i kulturarven i Sund kommune og femner dermed om eit stort og vidt fagområde. Framlegget peiker mellom anna på kva ansvar kommunen har for berekraftig kulturminneforvalting og kva ubrukt potensiale og ressurs kulturminne har for kunnskapsformidling og utviklingsprosjekt. Dette er særsla bra.

Kapittel 5 viser kva som er felles for regionen og set med dette Sund inn i ein regional samanheng. Kommunane Sund, Fjell og Øygarden er ein del av eit felles landskap – kyst-, lyng- og steinalderlandskap som har nasjonal og internasjonal interesse.

Arkeologiske kulturminne er viktige for forståinga av Sund sitt historiske landskap. Desse er omtalt i kapittel 4 og 5. Eit kart/tabell som viser fordelinga av ulike type arkeologiske kulturminne med datering eller type vil kunne gi innblikk i tema på ein annan måte, jf. figur vist nedanfor. Fordelinga av steinalderlokalitetar viser kor det har foregått systematisk arkeologisk registrering som ved Skaganeset, Porsvika, Hagenes, Austfjorden langs Fv 555 og kor Olav Toft har vore. Andre plassar nær sjøen, straumer og sund har stort potensial for oppdaging av nye funn.

Datering arkeologi Sund – (blå-steinalder, rød)		Type fornminne i Sund kommune	
<b>Steinalder-Bronsealder (116)</b> <b>Jernalder-middelalder (27)</b>		Radetiketter	Antall av Kulturminneld
Aktivitetsområde	24		
Boplass	71		
Brønn-vannpost	1		
Båtstø	14		
Heller	5		
Helleristning	1		
Hustuft	31		
Kirkegård	2		
Tradisjon	1		
Tuft	6		
Gravrøys/gravhaug	10		
Skipsvrak/skipsdel	2		
<b>Totalsum</b>	<b>168</b>		


Arkeologiske kulturminne har stort potensiale for bruk og formidling og for utvikling av lokalkunnskap, samt gje auka eigarskap til kulturhistoria vår. Kulturminneplanen bør difor peike ut kva slags arkeologiske kulturminne ein vil sikre i planperioden gjennom bevaringsprogram for arkeologisk kulturminne (BARK) i samråd med skole/frivillige og fylkeskommunen. Handlingsplanen av kulturminneplanen er eit godt verktøy for kommunen til å prioritere eller omprioritere ulike tiltak.

BARK-liste frå Sund kommune slik det er i februar 2017:

- Hummelsund, diverse forhistorisk funn langs sundet, - ID 66507 m.fl.
- Midtveit, øydegard, ID 45559
- Store Risøyna – Jernaldertufter – ID 45557 m.fl.
- Skaganeset, steinalder og kvalfangst - Kvalvågen ID 97070 m.fl.

Ut i frå handlingsplanen er det mest aktuelt å få tilrettelagt kulturminneløype til Skaganeset/Stekholmen, Kvalvågen. Hummelsund, Midtveit og Sore Risøyna er ikkje omtalt i handlingsplanen. BARK-lista bør revurderast i kulturminneplanen.

Sund kommune har i kommuneplanen gjort eit stort arbeid og lagt inn fleire omsynsoner for kulturmiljø. Vi står opp under oppmodinga i kulturminneplanen om at også kulturminne som ikkje har omsynsonene er viktige og at desse kulturminna bør brukast som ressurs i lokalsamfunnsutviklinga. Eit døme på kulturminne som bør registrerast er steingardar, steinløer og intakte kulturlandskap som står i fare for å bli fjerna.



Omsynssoner (H570) i kommuneplan for Sund, som bør inkluderast i kulturminneplanen:

- |                                   |                                       |
|-----------------------------------|---------------------------------------|
| 37 Bukken, Handlestad             | 51 Glesvær Bogen, Ferselsåre          |
| 38 Glesvær, Handelstad            | 52 Porsvika, Steinalderbuplasser      |
| 39 Kvalvågen, Kvalfangst          | 53 Golta langhus, Langhus 1619        |
| 40 Hope, Naustmiljø               | 54 Goltasundet, Diverse kulturminne   |
| 41 Limevågen, Kyrkjebrygge        | 55 Telavåg gravplass, Kolerakirkegård |
| 41 Førdesdal, Gardstun            | 56 Telavåg ødegård, Freda ødegard     |
| 42 Melkevik, Naust                | 57 Selstøbuene, Buer                  |
| 44 Johannes Kleppsevik, Fødestad  | 58 Telavåg, Krigsminne                |
| 45 Kleppesjøen, Naustmiljø        | 59 Austfjord/Toftosen, Hummarparkane  |
| 46 Håkonsund, Handelstad          | 60 Tyssøy Kapell, Kapell freda        |
| 47 Trellevik, Naustmiljø          | 61 Tyssøykruna, Bergmåling freda      |
| 48 Tyrnevika, Sjøbu/Naust         | 62 Lerøy gravplass, Gravplass         |
| 49 Hummelsund, Forminnemiljø      | 63 Skogsvåg Hella, Gardsbruk          |
| 50 Englebogskjæret, Sjøbruksmiljø | 64 Døscherholmen, Handelsstad         |
|                                   | 65 Vorlandvassdrag, Kvernhus, tufter  |

### Forslag til vedtak:

*Sund kommune har merksemd på kulturminna som er knytte til førhistorie, kystkultur, fiskeri, landbruk og samferdsle.*

*Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at utarbeiding av ein felles kulturminneplan for Sund, Fjell og Øygarden kan bidra positivt til prosessen rundt samanslåing av kommunane.*

### **Handlingsplanen**

Handlingsplanen trekker fram mange generelle og gode målretta tiltak, som for eksempel å halda fram med registrering av kulturminne og vurdering av nye omsynssoner for kulturmiljø/landskap. Oppfølging og opplæring om kulturminnevern til private eigarar er viktig for enkelte kulturminne, men det er også viktig å etablere lokale kompetansemiljø. Fylkesrådmannen oppmodar at kommunen, gjerne saman med frivillige lag og organisasjonar, går gjennom registrerte og innmeldte kulturminne og prioriterer tiltak på fleire utvalde kulturminne i planperioden.

Planen legg opp til å fremje arbeidet med å formidle kunnskapen om lokale kulturminne. Riksantikvaren har gjeve kommunane tilgang til den nasjonale kulturminnedatabasen *Askeladden*, der dei sjølv skal legge inn informasjon om lokalt prioriterte kulturminne. Dette er eit viktig tiltak som bør inn i handlingsplanen, då dette vil kunne betre synleggjere kulturminneinteressene i kommunen og gjere forvaltinga av dei meir føreseieleleg.

Det er positivt at kommunen har sett av satt av kr 40 000,- i kulturbudsjettet til kulturminnevern og at tilsette på kulturkontoret kan bidra til å skrive søknader til fylkeskommunen og Kulturminnefondet. Vi viser til at fylkeskommunen kvart år fordeler midlar til restaurering av kulturminne. «Vern og vøling» har vore Hordaland fylkeskommune si tilskotsordning for alle typer kulturminne som ikkje er freda. Fylkeskommune vedtok nyleg nye retningslinene for «vern og vøling», jf sak PS22/2017, 15.02.2017. Tilskotsordninga legg til rette for at kommunane kan søkje om opp til 50% tilskot frå fylkeskommunen til vernetiltak til bygg og anlegg som er registrerte som kulturminne, har eit formelt vern i arealplan eller er prioriterte av kommunane. Kommunar som har etablert tilskotsordningar for kulturminnetiltak vil bli prioritert og kunne få midlar i same storleik som det kommunane sjølv sett av, så langt avsette regionale midlar strekk til. Det vil telle positivt at kommunen gjev fritak frå eigedomskatt for bygningar med historisk verdi, dersom kommunen har eigedomsskatt.

Fylkesrådmannen kan sjå at kommunen involverer innbyggjarane i arbeidet med kulturminner gjennom dugnadsarbeid. Det er knytt namn til kven som skal ha ansvar for dei ulike tiltaka i handlingsplanen. Fylkesrådmannen saknar likevel meir konkret informasjon om medverknad og om korleis kommunen har tenkt å involvere innbyggjarane i det vidare arbeidet med å auke kunnskapen om kulturminne i kommunen. Sund kommune bør òg sikre medverknad frå eigarar og grunneigarar som rår over viktige kulturminne. Det bør og vere ein plan for korleis ein skal informere innbyggjarane om kulturminne og lokalhistorie. Folkebiblioteket er ein viktig møteplass og kunnskapsressurs som kan nyttast i dette arbeidet.

### Forslag til vedtak:

*Utval for kultur, idrett og regional utvikling er positiv til at Sund kommune set av eigne budsjettmidlar og satsar på kulturminnefagleg rådgjeving til private eigarar.*

*Utval for kultur, idrett og regional utvikling rår til at tiltak i handlingsplanen vert konkretisert med finansiering, framdrift og samarbeidspartnerar.*

*Eit av tiltaka i handlingsplanen bør vera å legge utvalte kulturminne inn i det nasjonale kulturminnedatabasen, Askeladden.*